Jeg er veldig glad for all den faglige erfaringen jeg har fått gjennom å jobbe i svensk akademia. Men skulle jeg fått fast stilling, hadde det nok vært smartere å bli i Norge. Mange av de jeg disputerte sammen med, har fått fast jobb, og noen er til og med på vei til å bli professor. Jeg er imidlertid ikke en som tenker så strategisk karrieremessig. Jeg så aldri på doktorgraden som et trinn på en karrierestige. Jeg tok den fordi jeg syntes den var viktig og interessant i seg selv. Men jeg hadde håpet at jeg skulle hatt fastere rammer i livet enn det jeg har nå. Det er slitsomt i lengden å gå på korte kontrakter. Innimellom spør jeg meg om jeg virkelig vil fortsette innen akademia. Folk «luftes» hele tiden, og systemet gjør noe med mulighetene for å skape solide undervisnings- og forskningsmiljøer.

**Nina Jon**

Født: 1964

Seniorrådgiver, Reform, ressurscenter for menn

*Avhandling: En skikkelig gutt. Arbeidet med å forme en passende maskulinitet. Foldin verneskole*

1953–1970. Institutt for kriminologi og rettsso- siologi, Universitetet i Oslo

Etter doktorgraden gjorde jeg en undersøkelse om ungdomskriminalitet. Deretter skrev jeg kunnskapsgrunnlaget for stortingsmeldingen om menn og likestilling. Jeg måtte jo ha mat til barna, og fikk ikke postdoktorstipend. Siden 2008 har jeg vært ved Reform, et ressurscenter som bistår menn i vanskelige livssituasjoner. Jeg trodde at akademia var det eneste stedet jeg ville være, men der tok jeg feil!

**Rune Røstad**

Født: 1969

Førsteamanuensis, Institutt for nordisk og mediefag, Universitetet i Agder

*Avhandling: Den språklege røynda. Om opp-**fatta og realisert talemål i austre Vest-Agder. Høgskolen i Agder*

Jeg hører til blant dem som har gått i mange år som vikar tidligere, og også etter disputasen gikk jeg nokså fort over i ulike vikarstillinger. Men så ble jeg postdoktor for tre år, og deretter fikk jeg fast jobb.

**Margrethe Aanesen**

Født: 1964

Forsker, Institutt for arktisk og marin biologi, Universitetet i Tromsø

*Avhandling: To Russia with love? Four Essays on**Public Intervention under Asymmetric Information: The Petsjenganikel case on the Kola Peninsula. Norut Tromsø*

Før doktorgraden jobbet jeg ved forskningsstiftelsen Norut i ni-ti år, og fortsatte der i to år etter disputasen. Så ble jeg engasjert på et EU-prosjekt ved UiT i 2008, og nå er jeg altså på et nytt prosjekt som går til 2012. Men jeg har fremdeles permisjon fra Norut. Doktorgraden og prosjektene ved UiT har gitt meg mulighet til å gå dypere inn i noen av de teoriene vi bruker i oppdragsforskningen.



FOTO: ANNE ELISABETH NÆSS

**Alf Gunvald Nilsen**

Født: 1976

Postdoktor ved Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

Avhandling: *The Valley and the Nation – The River and the Rage: A Study of Dispossession and Resistance in the Narmada Valley, India*. Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Etter disputasen mobiliserte instituttet og Rokkansenteret forskningsmidler for et halvt år. Så fikk jeg tilbud både om et postdoktorstipend finansiert av Forskningsrådet og en jobb ved School of Politics and International Relations, The University of Nottingham. Dessverre takket jeg ja til det siste. Alle synes jeg har vært heldig som har fått den internasjonale erfaringen, men det var ikke verdt det. Det britiske universitetssystemet er så gjennomliberalisert at det minnet mest om en bedrift og lite om akademia, med svært få tilgjengelige ressurser for forskerne. På toppen av det hele jobbet jeg på et institutt der vi hadde en student som ble arrestert som følge av terrorfrykt på grunnlag av ting han hadde lastet ned fra internett. Det var en fullstendig meningsløs arrestasjon som skapte et meget ubehagelig arbeidsklima for de av oss som reagerte negativt på episoden i det offentlige rom.

Heldigvis fikk jeg igjen tilbud om postdoktorstipend gjennom Forskningsrådet og begynte på den tidlig i 2009. Hva som skjer når den er ferdig om fire år, er uvisst. Jeg tenker at jobbframtiden nok kan bli vanskelig. Det er i akademia jeg helst vil være – det var derfor jeg tok doktorgrad. Jeg har søkt noen stillinger rundt forbi, men for oss sosiologer er det svært få stillinger som blir utlyst. Ved instituttet vårt har det vært en stor økning i ph.d.-stipender – noe som er meget positivt – men det reiser også et spørsmål om hvordan disse ressursene som da skapes, kan brukes på en hensiktsmessig måte innenfor akademia her til lands.

**Marit Thyholt**

Født: 1963

Fagansvarlig, Skanska Norge

Avhandling: *Varmeforsyning til lavenergiboliger i områder med fjernvarmekonsesjon*. Analyser av

CO<sub>2</sub>-utslipp og forsyningsikkerhet for elektrisitet. Institutt for byggekunst, historie og teknologi, NTNU

Jeg var lenge forsker i Sintef, med ønske om å ta doktorgraden. Så dukket det opp et interessant prosjekt, og jeg fikk permisjon fra Sintef. Kort tid etter disputasen ble jeg forskningsleder i Sintef, før jeg så ble daglig leder for FME-senteret (forskningssenter for miljøvennlig energi) Zero Emission Buildings og var der fram til 2010. Nå har jeg vært fagansvarlig for energi i Skanska Norge i ett år.

**Harald Torsteinsen**

Født: 1952

Førsteamanuensis, Institutt for økonomi og samfunnsfag, Høgskolen i Harstad

Avhandling: *Resultatenhetsmodellen i kommunal tjenesteproduksjon*. Instrument, symbol eller maktmiddel? Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Tromsø

Jeg har vært ved høgskolen siden 1988, og tok doktorgraden fordi det var interessant å utvikle seg videre faglig. Jeg skrev den ved siden av full jobb, bortsett fra et halvår permisjon. Forventningene til kompetanse blir stadig større, og jeg tenkte at om jeg skal være i dette systemet, måtte jeg bare skaffe meg denne kompetansen.

**Sharada Gade**

Født: 1960

Førsteamanuensis, Umeå forskningscentrum för matematikdidaktik

Avhandling: *The microculture of a mathematics classroom*. Artefacts and activity in meaning making and problem solving. Høgskolen i Agder

Etter doktorgraden hadde jeg først et ettårig postdoktorprosjekt hjemme i India, der jeg gjennomførte en skolestudie. Fra tidligere har jeg tolv års erfaring som lærer. Deretter fikk jeg et toårig postdoktorstipend i Umeå, og nå har jeg et seksårs engasjement.



**Maren Skaset**

Født: 1968  
Avdelingsdirektør,  
Helse- og omsorgsde-  
partementet

Avhandling: *I gode og onde dager ... De norske legene og staten 1945–2000*. Institutt for helseledelse og helseøkonomi, Universitetet i Oslo

Jeg var først seniorrådgiver her i departementet og deretter prosjektdirektør i Helse Sør-Øst RHF i to år, før jeg kom tilbake til departementet som avdelingsdirektør i desember 2009. Mens jeg holdt på med doktorgraden, hadde jeg noen år der jeg var med på å etablere et bachelorstudium. Etter avhandlingen var jeg veldig klar for å gjøre noe helt annet, utenfor academia.

**Terje Brattli**

Født: 1963  
Forsker, NTNU  
Vitenskapsmuseet

Avhandling: *Fortid og forvaltning: En analyse av norsk kulturminneforvaltning i perioden 1990–2005, med hovedvekt på arkeologiske forhold*. Institutt for arkeologi og religionsvitenskap, NTNU

De fleste jeg kjenner som disputerte samtidig med meg, har fått jobb i etterkant. Selv hadde jeg vært flere år i forvaltningen før jeg begynte på doktorgraden, så jeg hadde en del ansienitet. Jeg fikk fast stilling ved museet like etter doktorgraden.

**May-Karin Rognstad**

Født: 1946  
Førsteamanuensis,  
Institutt for sykepleier-  
utdanning, Høgskolen i  
Oslo og Akershus

Avhandling: *Nursing students' motivation and socialization. A prospective, unbalanced cohort study of nursing students from study time into working life*. Avdeling for sykepleierutdanning, Høgskolen i Oslo

Jeg var alt fast ansatt, men institusjonen etter spurte ansatte med førstestillingskompetanse, og det motiverte meg i forhold til arbeidet med doktorgrad. Dessuten var jeg allerede i gang med forskning.

**Petter Grytten Almklov**

Født: 1971  
Seniorforsker, Studio  
Apertura, NTNU Sam-  
funnsforskning

Avhandling: *Kunnskap, kommunikasjon og ekspertise. Et antropologisk studium av en tverrfaglig ekspertgruppe i oljeindustrien*. Sosialantropologisk institutt, NTNU

Jeg satt på forskningsinstituttet Studio Apertura hos NTNU Samfunnsforskning da jeg tok doktorgraden, og fikk tilbud om jobb her da jeg var i ferd med å levere avhandlingen. Jeg var litt bekymret for om Apertura skulle by på færre akademiske muligheter, men mulighetene til å forske og publisere på spennende temaer har vist seg å være veldig gode.

**Doktorgrader i Norge**

- Rundt 20 000 har avlagt doktorgraden i Norge siden medisineren Frederik Holst leverte inn den første i 1817.
- I 2006 ble det avlagt 905 doktorgrader.
- 347 av doktorandene var kvinner, 558 var menn.
- Fordeling av doktorgradene: humaniora 111, samfunnsvitenskap 184, matematikk/naturvitenskap 212, teknologi 122, medisin og helsefag 216, landbruksfag og veterinærmedisin 60.
- 837 av doktorgradene ble avlagt ved et universitet, 68 ved en høyskole.
- Gjennomsnittsalderen ved disputas var 38,2 år. De fleste var likevel under 35 år ved disputasen.
- Det hadde i gjennomsnitt gått ti år fra ferdig grunnutdanning til disputas.
- Hver fjerde doktorand hadde utenlandsk statsborgerskap, flest innen landbruksfag og veterinærmedisin, færrest innen humaniora og samfunnsvitenskap.
- Vel 60 prosent av doktorene i arbeidslivet var i 2003 knyttet til offentlig sektor. To tredeler av disse var ved universitet eller høyskole.
- I underkant av 40 prosent av doktorene jobbet i 2003 i privat sektor, inkludert forskningsinstituttene.
- (Kilde: Nifu)

FOTO: PAUL SIGVE AMUNDSEN

**Alf Petter Høgberg**

Født: 1971  
Professor, Institutt for  
offentlig rett,  
Universitetet i Oslo

Avhandling: *Tolkningsstiler ved fortolkning av skriftlige kontrakter*.

Institutt for privatrett, Universitetet i Oslo

Som student skrev jeg en større avhandling som ble publisert i et nivå 2-tidsskrift, og senere publiserte jeg en rekke artikler ved siden av selve doktoravhandlingen. Etter disputasen fikk jeg en førsteamanuensisstilling. En måned senere søkte jeg om opprykk til professor, noe jeg fikk, ettersom jeg allerede hadde en relativt omfattende publisering.



CHILE

## Voldelig studentdemonstrasjon

■ En studentdemonstrasjon i Chiles hovedstad Santiago førte til voldsomme sammenstøt mellom politiet og en gruppe maskerte studenter. Demonstrasjonen i midten av august fulgte uker med protester mot det aktivistene mener er et underfinansiert og urettferdig utdanningssystem, melder BBC. President Sebastián Piñera sier han vil øke finansieringen til utdanningssektoren, men ikke nok ifølge de titusener av studenter og ansatte som har tatt til gatene i flere byer over hele landet i august. (Bilde fra demonstrasjonen 14. juli. Foto: Osmar Valdebenito/Wikimedia Commons)

PERU

## Dødsfall i studentprotester

■ Tre personer er drept og flere hundre skadet i en rekke voldelige sammenstøt i Huancavelica i det sentrale Peru. Studentprotestene, som har pågått siden juni, var først rettet mot regjeringen, som ønsket å dele budsjettet og lærerkrefter mellom Huancavelicas nasjonale universitet og det nyopprettede Nasjonale autonome universitetet i Tayacaja. Studentene vant igjennom, men har nå rettet kritikken og protestene mot det de mener er en korrump ledelse ved sitt eget universitet, skriver University World News.

AUSTRALIA

## Kollaps i studentmarkedet

■ Australia opplever kraftig fall i antall utenlandske studenter. Nå vil et nytt regelverk føre til ytterligere milliontap for universitetene. Regjeringen vil nemlig stramme inn på utenlandske studenters mulighet til å få permanent oppholdstillatelse etter endt utdanning, skriver University World News. Mulig opphold i Australia har vært svært attraktivt for mange studenter fra Kina og India. Fra før sliter australske universiteter med rekruttering av betalende utenlandsstudenter på grunn av økt konkurranse fra USA og Storbritannia.

VERDEN

## USA dyreste studieland

■ En undersøkelse av studieavgifter i ti land viser at USA er det dyreste landet å studere i for utenlandske studenter – tett fulgt av Australia og Storbritannia. Undersøkelsen viser at utenlandske studenter må belage seg på å betale over 200 000 kroner i året for å studere ved populære amerikanske universiteter. Til sammenlikning må en student ut med 150 000 kroner ved the University of Sydney og 110 000 kroner ved the University of Oxford. Tyskland var det rimeligste landet.

STORBRIANNIA

## – Studenttallet vil falle

■ Halvparten av Storbritannias universiteter spår at antallet studenter vil gå ned, viser en undersøkelse blant 56 universiteter. De tror at de nye studieavgiftene på inntil 9000 pund vil avskrekke mange søkere, skriver the Guardian. I gjennomsnitt forventer universitetene at studenttallet vil synke med 2 prosent, én institusjon forventer 20 prosents nedgang, og fem andre forventer en nedgang på mer enn 10 prosent. Én av fire institusjoner forventer en økning, og én av fem forventer ingen endring.



ITALIA

## «Keep it in the family»

■ En studie av etternavnene til 61 000 italienske profesorer innen blant annet medisiner, ingeniørvitenskap og jus indikerer at nepotisme er svært utbredt i Italias akademiske miljø. Forsker Stefano Allesina ved Universitetet i Chicago sier at de fant langt færre navn enn man kunne forvente om det var et tilfeldig utvalg. Han konkluderer med at det er en meget høy sannsynlighet for at man ansetter folk man kjenner. Studien støtter opp under enkeltkandaler der familie-medlemmer er blitt ansatt.



USA

## Får færre barn enn ønsket

■ Halvparten av kvinnelige ansatte ved ledende amerikanske forskningsinstitusjoner har fått færre barn enn de har ønsket, på grunn av karrieren. Én av fire menn føler det samme, skriver Inside Higher Ed. Studien er gjennomført av sosiologene Elaine Howard Ecklund og Anne Lincoln, og basert på svar fra 3455 forskere innen astronomi, fysikk og biologi. Rapporten konkluderer med at institusjonene bør tilrettelegge bedre for familieliv, både for menn og kvinner.



STORBRIANNIA

## Kristne og ateister studerer minst

■ Hinduer, sikker og muslimer har større sannsynlighet for å studere ved et universitet enn kristne og ateistiske ungdommer, viser tall fra det britiske utdanningsdepartementet. Studien av 13 000 ungdommer viser at 77 prosent av de som kalte seg hindu i en alder av 15, tok høyere utdanning. Det gjaldt 63 prosent sikker og 53 prosent av muslimer, 45 prosent av kristne og 32 prosent av ikke-religiøse. Studien støtter tidligere funn om at hvit arbeiderklasseungdom er lavest utdannet i landet.



TYSKLAND

## Ny doktorgradskandale

■ Nok en tysk politiker er i søkelyset i forbindelse med sin doktorgrad, skriver University World News. Bernd Althusmann (bildet), kulturminister i delstaten Niedersachsen, etterforskes for å ha gjort flere feilsiteringer i sin avhandling for å gi inntrykk av at han har hatt ideer som egentlig er andres. Anklagene følger at den tidligere forsvarsministeren ble fratatt sin doktorgrad på grunn av plagiat. Også visepresident i EU-parlamentet Silvana Koch-Mehrin ble anklaget for plagiat og frasa seg sitt verv.

USA

## Stjal millioner av vitenskapelige artikler

■ Amerikanske myndigheter har arrestert en 24-årig student ved Massachusetts Institute of Technology (MIT) siktet for å ha brutt seg inn og stjålet vitenskapelige artikler. Han skal ha brutt seg inn i MITs nettverk og lastet ned mer enn fire millioner vitenskapelige artikler fra databasen JSTOR. Formålet har vært å publisere forskningsresultater fritt, uten betaling. Nå er det imidlertid studenten som må betale: Han risikerer 35 års fengsel og en bot på 1 million dollar.



TANZANIA

## Vil bli Afrikas flaggskip

■ Myndighetene i Tanzania håper at The Nelson Mandela African Institute of Science and Technology, som snart åpner, skal bli et internasjonalt vitenskapssentrum. Regjeringen ønsker at senteret skal tiltrekke seg studenter og forskere fra hele verden. Et av formålene med forskningsinstituttet er å bidra til å dekke det store behovet for forskere over hele kontinentet. Senteret skal ha kostet i overkant av 136 millioner kroner å oppføre.



SWAZILAND

## Pengemangel stengte universitet

■ Universitetet i Swaziland melder at de ikke kan holde åpent i det kommende akademiske året på grunn av pengemangel. All innrulling og forelesningsstart er utsatt på ubestemt tid ved det som er kongeriketets eneste universitet. Swaziland har den senere tid hatt store økonomiske problemer, og ifølge BBC holder universitetet stengt fordi regjeringen ikke har klart å finansiere studiebidragene til studentene. Pengemangelen er så kritisk at Sør-Afrika har innvilget et nødlån på nærmere to milliarder kroner.



EUROPA

## Rekordpott for EU-midler

■ EUs rammeprogram for forskning melder om rekordpott til neste år. For 2012-utlysningene stilles mer enn syv milliarder euro til disposisjon for åpen konkurranse om forskningsmidler. Det er forventet at disse midlene vil bidra til å skape 174 000 arbeidsplasser på kort sikt, i tillegg til 450 000 arbeidsplasser og nær 80 milliarder i bruttonasjonalprodukt i deltakerlandene de neste 15 årene. Norges forskningsråd oppfordrer nå norsk industri og næringsliv til å søke midler fra rekordpotten.

USA

## Våpenrett på campus

■ Universitetet Virginia Tech kan bli nødt til å bøye seg for loven og tillate våpen på campus, melder amerikanske medier. Debatten om våpen på campus har blusset opp igjen etter at en person skal ha blitt observert med skytevåpen på universitetet i begynnelsen av august. Ved dette universitetet ble 32 personer skutt og drept under en massakre i 2007. Delstatsadvokat Ken Cuccinelli (bildet) har i en uttalelse sagt at universitetets våpenforbud ikke kan håndheves etter loven.





# RETT SKAL VERE RETT

HANS PETTER GRAVER<sup>1</sup> I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL  
FOTO: ERIK NORRUD

I byrjinga var jussen.<sup>2</sup> Høveleg nok tek dekanus Hans Petter Graver mot meg i Urbygningen ved Universitetet i Oslo. «Retten er autoritetsstrukturer og makt», skriv han i den vesle boka *Hva er rett*, som kom ut i vår. Retten er òg mykje anna, skriv Graver. Men her skal vi snakke mest om makt og det mektige faget hans.

– Medan andre tolkingsfag puslar rundt i kvar sin avmektige krok, har tolkingsarbeidet til juristane kraft til å endre samfunnet og døme folk til livstidsstraff. Korleis pregar det mentaliteten dykkar?

– Eg trur nok at juristar er seg ansvaret sitt medvitne. Dette er eit fag og eit yrke der veldig mange kjem i maktposisjonar i samfunnet, og det pregar òg utdanninga. Vi legg stor vekt på at studentane skal lære presisjon og lojalitet når det gjeld lov og rettspraksis, men vi legg òg ei aukande vekt på etikk og menneskerettar i faget.

– Men gjev det ikkje ein ekstra sjølvtilitt å vere medvitne om makta til faget?

– Eg veit ikkje om juristar generelt har meir sjølvtilitt enn andre. Om du ser på studentane, er vel dei meir prega enn andre studentar av eksamenspress. Juristar er ivrige til å sortere kvarandre ut frå eksamensresultat, og karakterane blir hengande ved folk langt ut i yrkeslivet. Det er eit trekk ved profesjonen som ikkje alltid verkar fremjande på sjølvtilitten for juristar.

– For dei med dei beste karakterane, så.

– Ja, men dei fleste har ikkje dei beste karakterane.

Karakterane til Graver var av dei betre. Kanskje er det difor han har sjølvtilitt nok til å vere kritisk til sine eigne – hard, streng og prinsipiell, på ein svært sakleg, stillfaren måte. I *Hva er rett* kastar han eit skarpt kritisk blick på rolla juristar kan spele i samfunnet. Graver sluttar seg til dei som åtvarar om at rettsleggjinga – tendensen til at stadig fleire typar spørsmål blir avgjorde av juridiske organ – kan undergrave demokratiet.

– Du har teke standpunkt mot din stand, for å parafrasere Vømmøl.

– Vel, dette har to sider. Eit demokrati med folkevalde forsamlingar som gjev lover, føreset jo ei rettsleggjing. Lovene som blir vedtekte, må setjast ut i livet på ein systematisk og mest mogleg nøytral måte. Slik sett er rettsleggjing ei forlenging av demokratiet. Samtidig er det eit problem om ein flyttar for mykje avgjerdsmaakt frå folkevalde til domstolar og andre ekspertorgan.

1 Hans Petter Graver er fødd i 1955. Han er professor ved Institutt for privatrett og dekanus ved Det juridiske fakultetet ved UiO. Graver tok doktorgraden i juss i 1986 og har mellom anna vore forskar ved Institutt for retts sosiologi og regjeringsadvokat.

2 Det juridiske fakultetet var eitt av dei fire første fakulteta som vart etablerte ved UiO, saman med det medisinske, det teologiske og det filosofiske.

– Det rare er at uroa over rettsleggjinga stort sett er eit elitefenomen. Statsvitarar og avisredaktørar er uroa over dette. Men folk flest har stor tillit til rettsvesenet – langt større enn til dei politikarane som folket har valt sjølv.

– Ja, både domstolane og politiet nyt veldig høg tillit. Det er veldig bra, det viser at folk har tru på at vi har velfungerande institusjonar. Eg har ikkje sett noka meningsmåling om sjølv rettsleggjinga, men eg trur nok at noko av den kraftige motstanden mot EU kan ha samanheng med dette.

– Men om vi snakkar om rettsleggjinga som EØS-avtalen<sup>3</sup> medfører, er vel allmennkunnskapen nokså avgrensa om kor mykje den pregar Noreg.

– Eg trur nok det går meir opp for folk etter kvart. Men veldig mykje av EØS-avtalen dreiar seg om veldig tekniske ting.

– Og det er ikkje så veldig mange som føler rettsleggjinga på kroppen. Om det derimot er eit rigid system i ein kommune, merkar folk det meir direkte.

– Ja, men mange av dei rigide systema i kommunane er eigentleg EØS-baserte, tenk på vasskvalitetsnormer og slikt. Veldig mykje er eigentleg EØS-reglar som lokale tenestemenn handhevar.

– Det er ein folkeleg variant av nærleiksprinsippet her: Du skal bli sur på den byråkraten som sit nærast deg.

– Kanskje det. Det heiter seg òg at du ikkje skal skyte på pianisten.

– Men mykje av rettsleggjinga spring ut av internasjonale avtalar som dei folkevalde har inngått, vonleg med opne auge. Da kan vel politikarane takke seg sjølv om dei får avgrensa handlingsrom?

– Mange internasjonale avtalar dreiar seg om ganske abstrakte og overordna prinsipp som det er brei semje om. Om du til dømes ser på Menneskerettskonvensjonen, er det veldig få som vil vere usamde i formuleringa av dei grunnleggjande rettane. Samtidig er konvensjonen så abstrakt og overordna at han ikkje gjev god rettleiing for korleis ein skal løyse einskildsaker. Dermed blir mykje av konkretiseringa overlatt til ekspertorgan. Og det er der det demokratiske underskotet kan oppstå, fordi så mykje av verknadene ligg i konkretiseringa, seier Graver.

– Så blir det ei usemje mellom dei som meiner det er så viktig at vi er tilslutta dei internasjonale systema at vi må akseptere dette, og dei som meiner at vi overlèt for mange sosiale, moralske og økonomiske avvegingar til domstolane.

I *Hva er rett* åtvarar Graver ikkje berre mot overdriven rettsleggjing, men òg mot ei naiv tru på at juridiske organ og institusjonar alltid

3 Sjølv politikarar som eigentleg var for EØS-avtalen, har vorte oppgjevne over direktivflaumen og den nidkjære oppfølginga til EØS-overvakingsorganet ESA. «ESA består av en haug med mennesker som har som fremste oppgave å pine og plage Norge», sa Ap-politikar Olav Akselsen i 2002.

vil verne rettsstaten og demokratiet.

– Det er mange skremmende historiske døme på at domstolar og andre juridiske organ sviktar. Eg brukar mellom anna Tyskland i nazitida og tiltaka til Bush-regimet i krigen mot terror som døme. Men det er òg mange andre døme, som dei tidlegare diktatura i Latin-Amerika, eller Zimbabwe i dag. Og det er ikkje alltid direkte trugsmål eller press som gjer at juristane sviktar.

– *Dei fleste fag har sine svin på skogen. Men det høyrer vel til unnataka at ein akademikar taler for å avgrense makta til sitt eige fag?*

– Det trur eg ikkje. Men eg ser det som mi oppgåve både å medvitsgjere samfunnet om rolla juristane har i samfunnet, og å medvitsgjere juristane om ansvaret dei får gjennom posisjonane sine i samfunnet. Poenget er ikkje å ta frå juristane makt, men å gjere dei meir medvitne.

– *Er det grunn til å stille høgare etiske krav til juristar enn til andre med viktige posisjonar i samfunnet?*

## – Det er mange skremmende historiske døme på at domstolar og andre juridiske organ sviktar.

– Nei, det synest eg ikkje. Kvar får ta ansvar for sin teig, og som dekanus ved eit juridisk fakultet føler eg eit særskilt ansvar for juristprofesjonen. Dette er sjølvsagt like viktig i forhold til andre makthavarar. Men det som er spesielt for juristane, er at vi er lærte opp til å tru på institusjonane og retten. Da er det lettare å kome i den villfaring at det ikkje er så farleg med karakteren og den etiske haldninga til menneska, fordi vi har institusjonane. Det er nett den førestellinga eg synest det er viktig å problematisere.

– *Men det sit veldig mange juristar rundt i landet som ikkje har meir makt enn kva underordna byråkrat som helst. Du får ikkje eit enormt handlingsrom berre fordi du har jusseksamen.*

– Nei da. Men det er nett dette eg synest Hannah Arendt belyser så godt i *Eichmann i Jerusalem*: Du kan gjere veldig vonde ting berre ved å vere ei brikke i systemet. Sjølv om du eigentleg ikkje har mykje makt, kan du vere med på å administrere eit system som gjer dei mest forferdelege overgrep. Kvar og ein har eit personleg ansvar, ein kan ikkje seie: «Eg gjer berre jobben min.» Alle må stille seg spørsmålet: Kva er det eg faktisk er med på? Det er når ein unnlèt å stille dei spørsmåla, at ein risikerer å bli med på overgrep og undertrykking. Den situasjonen kan også personar med lite makt langt nede i forvaltninga risikere å kome i. Og særleg kan juristar lett kome i den situasjonen, for dei blir ofte spurde og lytta til når det gjeld kva som er lov og ikkje er lov.

– *Dette er refleksjonar som truleg kjennest fjerne når du sit der og handterer byggesaker.*

– I eit ganske demokratisk land som Noreg, med ei forvaltning som held ganske høg etisk standard og ikkje begår mange overgrep, så kan det nok kjennast ganske abstrakt. Men slike ting kan endre seg. Og også eit venlegsinna byråkrati kan fungere som eit mektig overkøyrande apparat overfor einskildmennesket.

– *Da eg las boka, vart eg overraska over kor langt du gjekk i å åtvare mot faren ved å vere for lydig, og du hyllar dei frie og sjølvstendige sjelene. Kva synest forherda konservative og systemtru juristar om slike hippietendensar hos dekanus?*

– Eg har ikkje møtt nokon veldig sterke motførestellingar, men eg reknar ikkje med at alle er samde med meg. Men når vi veit frå psykologiske eksperiment kor sterk lydnamden overfor autoritetar er generelt, er det spesiell grunn til å åtvare mot farane i ein profesjon som systematisk byggjer på lydnamden mot autoritetar.

Kva no makta og autoriteten til jussen byggjer på, er det neppe dei strengt vitenskaplege og ufeilbarlege metodane. Johs. Andenæs har oppsummert juridisk metode som «den framgangsmåten som gode juristar brukar».<sup>4</sup>



Hans Petter Graver har arbeidd med juss det meste av livet. Likevel tviheld han på utanfråblikket på sitt eige fag, og omtaler seg sjølv som seg «ein antropolog blant juristar».

– *Om du skriv noko tilsvarende på ei metodeprøve i samfunnsfag, så stryk du.*

– Det er ein kjepphest for meg at juristar burde bli meir medvitne om metoden dei brukar. Det er ei metodisk tilnærming både til eit normativt og eit empirisk materiale, ut frå eit ideal om at kvar sak har fleire sider ein kan argumentere for, og det er difor veldig viktig å lytte til alle berørte i ei sak. Dette er noko av kjernen i den juridiske verksemda, og det skil ho frå fagfelt der det er lettare å hevde at ein forvaltar ei sanning i kraft av faget og den systematiserte kunnskapen der.

– *Ideen om systematisk tvil er for så vidt vitenskapleg nok. Men er juss vitenskap?*

– Eg vil seie at juss er ei form for vitenskap. Sjølv er eg oppteken av å sjå på det vitenskaplege i jussen gjennom retorikken. Da tenkjer eg ikkje først og fremst på å vere veltalande eller overtlydande, men på retorikk som erkjenningsmetode, ein måte å sjå i kvar sak kva som er sikkert, kva som er usikkert, og kva som lèt seg problematisere. Og det å systematisk analysere saker og den sosiale konteksten deira, det vil eg absolutt seie er ein vitenskapleg aktivitet.

Sjølv om Graver som dekanus ved UiO er plassert midt i sentrum av norsk juss, og sjølv om han har arbeidd som regjeringsadvokat, insisterer han på å behalde eit utsiddeperspektiv på faget.

– *I Morgenbladet i vår<sup>5</sup> kalla du deg sjølv meir ein antropolog enn ein talsmann for juristane. Du omtalte Hva er rett som «en beretning om et*

4 Juridisk metode er «den framgangsmåte som gode jurister i vårt samfunn bruker når de står overfor juridiske oppgaver som skal løses», skriv Johs. Andenæs i *Innføring i rettsstudiet*.



opphold blant jurister». Det minner meg om titlar som Pelsjegerliv blant Nord-Canadas indianere eller 21 år blant kannibaler.

– Ja, og for meg har jo opphaldet vore enda lenger enn 21 år. Eg synest det er eit godt bilete: Juristane er ei eiga gruppe med normer, verdier, ritual og haldningar som det går an å studere med antropologiske metodar. Men det er ein metafor som ein ikkje skal ta for langt. Fagleg sett er eg ikkje meir antropolog enn jurist.

– *Tittelen på doktoravhandlinga di, Den juristskapte virkelighet, antydar noko i same retning: ein studie av ein framand kosmologi.*

– Det er ein kontinuitet i spørsmåla eg har vore oppteken av. I avhandlinga skreiv eg om korleis juristar gjennom resonnementa sine konstruerer førestellingar om empiriske ting. Frå rettsososiologien kjente eg til dømes mykje empirisk forskning på forholdet mellom straffeutmåling og åtferda til folk i samfunnet, og eg tykte det var underleg kor immun argumentasjonen til juristane var for den empiriske kunnskapen om dette. På andre sida hadde eg studert tryggleiksreguleringa for verksemda i Nordsjøen og korleis ingeniørane arbeidde med dei reguleringane. Da såg eg kon-

### – Vi treng ein institusjon som kan ta stilling til spørsmål som ikkje har sikre svar.

trasten mellom korleis juristane og ingeniørane tenkjer på røyndomen.

– *Eg trur det var Keynes som sa: «When the facts change, I change my mind.»*

– Ja, det gjer altså ikkje juristar. I alle fall ikkje så lett.

– *«Den juristskapte virkelighet» er eit omgrep som andre har plukka opp og bruka. Men eg har ikkje sett det bruka i positiv tyding.*

– Vel, eg synest ikkje at det berre har negative sider. Vi treng ein institusjon som kan ta stilling til spørsmål som ikkje har sikre svar. Når eit brotsverk er begått, må nokon svare på om den mistenkte er skuldig.

Psykologane kan ikkje alltid gje sikre svar på om eit barn skal bu hos mor eller far etter eit skilsmål, likevel må vi ha eit svar. Slik sett fyller jussen ein vital samfunnsfunksjon, ved å vere ei retorisk verksemd i aristotelisk forstand: Jussen er systematisk og ser i kvar sak høve til å overtyde, seier Graver.

– Så er det den andre sida: Jussen kan føre til avgjerder som folk ikkje forstår, og som ikkje er under demokratisk kontroll. Det er alltid denne dobbeltheita.

*Per Anders Todal er frilansar i Forskerforum og fast journalist i Dag og Tid.*

5 «Min metode er deltakende observasjon, mitt tema er enkelte grunntrekk i det som gjør jurister til jurister og en problematisering av den oppfatningen mange har, både jurister og andre, av juristene som voktere av rettsstaten og av rettssikkerhet og rettferdighet», skreiv Graver i artikkelen «Mer antropolog enn talsmann», Morgenbladet 8. april 2011.

**KVEN:** professor Bernt Lindtjørn, førsteamanuensis Asgeir Sorteberg, ph.d.-kandidatane Ellen Viste og Torleif Markussen Lunde (alle ved UiB), i lag med etiopiske forskarar

**KVA:** arbeider med å utvikle ein varslingsmodell for malariaspreiing i Etiopia

**KORLEIS:** datainnsamling i felt, numerisk modellering

AV KJERSTIN GJENGEDAL

# Utrygt for mygg i indre strok

Nokre myggtypar i Etiopia kan kanskje gå i dvale når temperaturen blir svært høg. Det er ein av mange ting ein framleis ikkje veit om insektet som spreier malariasjukdommen. (Foto: Enrique Dans, Flickr)



**PROSJEKT:** Ethiopian Malaria Prediction System. **Institusjon:** Universitetet i Bergen, Addis Ababa University, Arba Minch University, National Meteorological Agency of Ethiopia. **FAGRETNING:** Klima, meteorologi, entomologi, epidemiologi. **FINANSIERING:** NUFU-programmet og UiB. **UUNNVERLEGE VERKTØY:** Vêrobservasjonar, tungreknemaskiner. **PUBLISERINGSFORM:** Fagfellevurderte artiklar. **NY KUNNSKAP:** Har talfesta kvar nedbøren kjem frå, og kva situasjonar som skapar mykje og lite nedbør. Detaljert kunnskap om levesettet til malariamyggen i ulike klimatiske område.





Europeisk mygg kan like gjerne suge blod frå hjort som frå menneske. Enkelte afrikanske myggar syg blod berre frå menneske, og det gjer det uråd å utrydde malaria i Afrika, ifølgje Torleif Markussen Lunde og Ellen Viste. (Foto: Kjerstin Gjengedal)

Malaria er ei formidabel helseutfordring som tek livet av millionar av barn i Afrika kvart år. Menneske blir smitta av mygg. Myggen er igjen avhengig av klimatiske tilhøve, først og fremst nedbør og temperatur, for å utvikle seg. Tanken er nærliggande – at dersom ein veit korleis været vil bli dei neste månadene, kan ein også estimere kor mykje malaria ein vil sjå. Å utvikle ein slik varslingsmodell var målet med prosjektet. Særs enkelt som idé, særs vanskeleg i praksis.

– Etiopia er eit ideelt land for eit slikt arbeid, fordi det har mykje nedbør, og både lågland og høgland med alle klimavariasjonane og sjukdomsrisikofaktorane som følger av det, seier koordinator for prosjektet, professor Bernt Lindtjørn ved Senter for internasjonal helse.

For å kunne utvikle ein varslingsmodell for malaria trengst det først og fremst data. I ei ideell verd ville forskarane ha tilgang til lange tidsseriar for variasjonar i temperatur og nedbør, for demografi, malariaførekost, kveggpopulasjonar og ikkje minst mygg, kor mange det er av dei, og korleis dei lever. Men kor mange forskingsprosjekt går føre seg i ei ideell verd?

Å samle inn data har difor vore ei hovudoppgåve. Prosjektet har gjeve store mengder nye og systematiserte data om alt frå mygggåttferd til atmosfærisk sirkulasjon.

#### Samlar mygg og nedbør

– Vi har sett opp stasjonar på tre ulike høgdenivå i Riftdalen, og planen var å måle malariautbreiing, mygg, nedbør og temperatur ved alle stasjonane. I tillegg har vi gjort feltundersøkingar på ein stad som heiter Arba Minch, som

ligg lenger sør i landet. Der har ein gjort meir detaljerte studium av korleis mygg og malaria varierer med sesongane, fortel Torleif Markussen Lunde.

I praksis vart nedbørs- og temperaturmålingane litt amputerte fordi nedbørsmålarane som skulle utplasserast, vart haldne tilbake i tollen. Nedbørsmålingane kjem difor frå det etiopiske meteorologiske instituttet, NMAE, sitt nett av målestasjonar. Prosjektet er delfinansiert gjennom NUFU-programmet, og i tillegg til NMAE er universiteta i Addis Abeba og Arba Minch partnarar i prosjektet. Det er desse som har stått for feltarbeidet, mellom anna den festlege oppgåva å samle inn og kategorisere malariamygg. Ein av ph.d.-kandidatane, Dereje Tesfahun, har studert den hydrologiske syklusen i Etiopia for å finne ut om vatnet oppfører seg på ein måte som er til fordel eller ulempe for myggklarvane. Han kjem til UiB i haust for å skrive, og det same gjer kollegaen Diriba Korecha, som arbeider med sesongvarsel for nedbør.

#### Varmen styrer

– Myggen i Etiopia treng blod frå menneske eller kvegg for å reprodusere. Ein nyklekt mygg har ikkje malariaparasitten i seg, men viss myggen stikk ein person som har malaria, kan parasitten bli overført. Så treng parasitten ei viss tid til å utvikle seg inne i myggen, og deretter kan myggen smitte kvar ny person som blir stukken, fortel Lunde.

Det er berre homyggjen som stikk menneske. Trass i at malaria utgjør eit så stort helseproblem, er det mykje ein ikkje veit om livssyklusen til myggen som overfører sjuk-

dommen. Men ein veit at livet til myggen i stor grad avheng av temperatur. Temperaturen avgjer kor lang tid myggen må leve som egg og larve i dei stillestående vasspyttane som sommarregnet legg att etter seg på elvebreidene, og temperaturen bestemmer kor lenge myggen lever, og kor lang tid malariaparasitten treng til å utvikle seg inne i myggen. I modellarbeidet prøver ein å få med korleis myggen responderer på miljøet i dei ulike stadia av livet.

Den andre hovudfaktoren er vatn. Nedbøren i Etiopia er ikkje berre viktig for myggen, men også for vassføringa i Nilen, og nedbørsmengda er difor eit politisk betent spørsmål. Det syntte seg svært vanskeleg å få tilgang til nedbørsdata, og mykje innsats har gått med til å samle inn data spesielt for dette prosjektet.

#### Treng betre sesongvarsel

– Nedbøren er sesongavhengig og kjem hovudsakleg om sommaren. Men han er ikkje jamt fordelt. Ein gong vi var der, kom det eit plutsleg torevêr, og regnet bøtta ned over oss. Men ein kollega, som var ei mils veg unna, hadde hatt strålende sol heile tida. Det gjer at stasjonar som måler nedbør, ikkje nødvendigvis er representative for eit stort område, fortel Lunde.

Ved vêrvarsling prøver ein å redusere slik støy ved å slå saman målingar frå fleire stasjonar. Likevel har det vist seg problematisk å skaffe fram eit vêr som gjev gode nok resultat når det blir putta inn i modellen. Lunde er den som har jobba med modelleringa, der alle dei ulike fagretningane skal samkøyrast og helst gje ut eit malariavarsel i den andre enden. Han byrjar å bli nøgd med korleis model-



Ph.d.-studentane Eskindir Loha (t.v.) og Fekadu Massebo speidar etter mygg i ein typisk etiopisk myggdam. (Foto: Bernt Lindtjørn)

len reproducerer tidlegare sesongvariasjonar, men framskrivingane strandar på at sesongvêrvarsla framleis ikkje er gode nok. Det som fungerer på stor skala, bryt saman på mindre skala.

#### Modell à la klimaforskning

Det er fleire måtar å lage modellar på. I dette tilfellet har ein laga ein biofysisk dynamisk modell, av same typen som blir brukt i klimaforskning. I ein slik modell følgjer framtidige tilstandar direkte av tilstanden i dag, rekna ut i form av komplekse likningssett som representerer dei fysiske prosessane som er involverte. Ein slik modell kan heile tida utbetrast ved at ny informasjon som gjev betre forståing av ein prosess, kan byggast inn i likningane. Og sidan dei fysiske lovene er dei same overalt, kan han nyttast i ulike område med berre mindre justeringar. Eit mykje brukt alternativ er statistiske modellar, som skildrar kor statistisk sannsynleg eit visst utfall er basert på tilgjengelege observasjonar. Det sannsynlege utfallet kjem ikkje frå matematiske skildringar av prosessane som inngår, men frå tidlegare observasjonar av korleis utfallet varierer med datagrunnlaget. Slike modellar tek høgd for tilfeldige variasjonar, men til gjengjeld må ein starte på nytt kvar gong det skjer ei stor endring i ein av variablane.

– Statistiske samanlikningar er det gjort mykje av, men ein slik dynamisk modell er noko nytt her. Det blir mykje testing og mange ulike resultat i starten, seier Ellen Viste, som er den andre norske doktorgradskandidaten i prosjektet. Ho er meteorolog og studerer fukt-

transport i atmosfæren inn mot Etiopia, bakgrunnskunnskap som er viktig for å kunne utvikle gode sesongvarsel.

#### Sjukdom med mange andlet

Malaria er ein sjukdom som kan vere alt frå uskuldig til svært alvorleg. Førekosten varierer sterkt, og ein reknar dessutan med høg feildiagnostisering.

– Det er stor variasjon i symptoma. Når malaria ikkje er så utbreidd, utviklar ikkje folk immunitet, og med fem–ti års mellomrom får ein enorme epidemiar. Parasittsjukdommar som malaria har dessutan ein heilt annan kompleksitet når det gjeld immunitet enn ein enkel virusjukdom har. Alt dette gjer det vanskeleg å skaffe gode, representative data om sjukdommen, seier Bernt Lindtjørn.

Sjølv om eit godt malariavarsel framleis ligg eit stykke inn i framtida, har prosjektet derimot gjeve mykje verdifull kunnskap om førebygging av malaria. Studia frå Arba Minch viser til dømes stor skilnad i malariaførekosten innanfor same landsby, avhengig av korleis husa låg i høve til vasskjelda der myggen vart klekt. Om husa var tette eller ikkje, synt seg også å ha overraskande stor verknad.

#### Forskning må bli politikk

– Ei sentral målsetjing er dessutan å bygge opp forskingskapasiteten i Etiopia. Det handlar om å ha forskingsprosjekt som er vitskapleg sett interessante og relevante for dei, og arbeidet med å kartleggje myggtypar og sjå på sammenhengen med sjukdommar er svært viktig. Doktorgradskandidatane frå Etiopia er rekrutterte

## Ethiopian Malaria Prediction System

- målsetjing: å nytte den velkjente koplinga mellom klimatilhøve og malariaspreiing til å utvikle eit varslingsssystem for malaria i Etiopia
- prosjektperiode: 2007–2011
- NUFU-støtta samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen (Senter for internasjonal helse, Geofysisk institutt og Bjerknessenteret for klimaforskning), Addis Ababa University (School of Public Health, Aklilu Lemma Institute of Pathobiology), Arba Minch University og National Meteorological Agency of Ethiopia
- om lag tolv forskarar, av dei åtte doktorgradskandidatar
- Arbeidet skal vidareførast etter utløpet av prosjektperioden.



frå nasjonale institusjonar, dei skal bli sjølvstendige forskarar og sitje i nasjonale komitear der kunnskapen til sjuande og sist skal omsetjast i politisk handling, seier Lindtjørn.

Han ser på prosjektet som starten på ei langsiktig satsing, som miljøet i Bergen førebels er åleine om i Noreg. I tida som kjem, må det jobbast med å vidareutvikle metodar og modellar, med å forbetre sesongvêrvarselet og med å skaffe gode langtidsdata.

– Dessutan vil vi utvide arbeidet til å inkludere koplinga mellom klima og matvaretryggleik. Vi arbeider med å rekruttere ein doktorgradsstudent på dette feltet i Etiopia no. Det gjeld å bygge opp satsinga gradvis.



Asgeir Sorteberg og Diriba Korecha rådslår over ein nedbørsmålår. Å skaffe representative nedbørsdata er ei enorm oppgåve i eit land som Etiopia. (Foto: Ellen Viste)



Desse to bileta er tekne på 1950-talet ved Zoologisk museum på Tøyen i Oslo. «Metallskjelett, mannekeng av et reinsdyr kledd med treull og gips står på bord. Gråpapir danner vegg bak dyret.» Slik er det øvste biletet omtala i bilet-databasen til Museum for universitets- og vitskaps-historie (MUV) ved Universitetet i Oslo. Teksten opplyser vidare om at «gråpapiret er for å hindre søl i resten av rommet». Biletet under viser den ferdige mannekengen. Ifølgje databasen vart det brukt fleksibelt materiale som trekte seg saman og utvida seg etter temperatur og fukt i lufta for å forhindre at skinnen sprakk.

MUV har lånt ut bileta til Forskerforum. Fotografen er ukjend.



# Løyndomane til Stasi

**DDR har eit oppsving som forskingstema i Tyskland. I sentrum for forskinga står Stasi-arkivet på over hundre tusen hyllemeter.**

AV ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK, BERLIN

Høgborga for DDR-forskinga ser faktisk ut som ei høgborg. Ho er ei ni etasjar høg blokk, like lang som eit heilt kvartal. Fasaden er i stål og glas. Ved inngangsdøra sit to portnarar, standsmessig kledde i kvite skjorter, marineblå dressjakker og blålilla slips. Portnarane bed om kontaktperson og legitimasjon. Her slepp

ingen inn utan avtale.

Den enorme blokka ligg midt i hjarta av det gamle Aust-Berlin, i ei gate oppkalla etter ei av dei store stjernene i DDR-regimets heltegalleri, Karl Liebknecht, han som saman med Rosa Luxemburg stilte seg i spissen for spartakist-opprøret, eit væpna sosialistisk opprør i 1919.

Både Liebknecht og Luxemburg vart drepane av paramilitære styrkar etter at spartakistane var slått ned. Det er Stasi-arkivet (BStU) som held til i den store blokka.

Umogleg å overurdere

Bernd Florath er namnet som får dei strenge vaktene til å opne dørene inn i blokka for Forskerforum. Han er prosjektleiar ved forskingsavdelinga til BStU og tek imot på eit kontor i femte etasje, der veggene er dekte av velfylte bokhyller.

– Det er ikkje mogleg å overurdere kor viktig arkivet er for DDR-forskinga, seier Florath.



Hyllene i Stasi-arkivet har vorte eit symbol på overvaksingsstaten DDR. I dag har dei som vart overvakte i DDR, rett til å få lese gjennom alle dokument som gjeld dei sjølv. (Foto: BStU)



Barn med sykkel i Dudendorf, Mecklenburg-Vorpommern, i 1979. Stasi var overalt i DDR-samfunnet, dei spionerte på barn og brukte barn som informantar. (Foto: Scanpix)

Stasis evne til å overvake, notere og arkivere alt gir forskarane eit unikt innblikk i DDR-samfunnet. I og med at tryggingstenesta gjennomsyra DDR-samfunnet i så sterk grad, er også dei fleste sider av DDR-samfunnet omtalte i arkivet. Om det var bedehusgrupper, festglad ungdom eller vanleg arbeid i landets fagforeiningar; Stasi interesserte seg for alt og samla informasjon om alle. Difor har arkivet mykje å fortelje alle som søker informasjon om DDR.

**Nest største forskningstema**  
DDR-forskinga ligg på ein god andre plass i konkurransen om å vere det hyppigaste forskningstemaet innanfor tysk samtidshistorie. På førsteplass ligg, ikkje overraskande, den andre verdskrigen. Posisjonen til DDR-forskinga er ikkje uomstridd. Alt i 2003 hevda Jürgen Kocka, nestoren innanfor tysk sosialhistorie og vinnar av årets Holbergpris, at DDR var eit emne som var «overforska». Det var for mange forskarar, som forska på for små tema. DDR-forskinga hadde difor vorte sjølvreferensiell og isolert. Florath er ueinig i Kockas kritikk, men seier seg einig i at det er ei viss skeivheit i val av forskningsemne innanfor tysk samtidshistorie.

– Eg vil ikkje seie at DDR er eit overforska tema, i den forstand at det kjem for mange publikasjonar. Men eg kan vere einig i at omfan-

get er litt uproporsjonalt om ein samanliknar DDR-tema med Vest-Tyskland. Det blir ikkje forska like mykje på tema frå den vesttyske historia, seier Florath.

Forsking på DDR er eit satsingsfelt for fleire av landets mest prestisjetunge historiske institutt, slik som institutta ved die Freie Universität Berlin og die Universität Potsdam. Oppsvinget for emnet er knytt til både pengar og publisitet og til dynamikken mellom dei to. Forskingfeltet fekk tilført pengar fordi det like etter at muren fall, openbart var mange tema som trong å bli undersøkte. Forskarane har gjort mange oppsiktsekkende funn som får stor merksemd i pressa, sel bøker og kanalisere nye forskingsmidlar til feltet.

#### Frå null til hundre

Før muren fall, var DDR-forskarane ei lita, sær gruppe i forskingsverda. Mange av dei var politiske flyktningar. Kjeldene dei hadde å bygge på, var få og ofte upålitelege. Fram til langt utpå 1980-talet gjekk DDR for å vere ein av dei leiande industrinasjonane i verda. I realiteten balanserte landet på kanten av bankerott. DDR-staten vakta godt over løyndomane sine. Hendingane hausten 1989 kom også heilt overraskande på DDR-ekspertane. Den vanskelege kjeldesituasjonen endra seg så å seie over natta 9. november 1989. Med attforeininga fekk forskarane eit unikt høve til å utforske alle arkiva etter den nedlagde staten.

– Problemet er motsett i dag. Vi har for mykje informasjon. Eg vil tru at det vil ta fleire tiår før forskarane kan lage gode samanfatingar av det vi har i arkiva her, seier Florath. Kontoret hans illustrerer ein del av problemet. I bokhyllene står rad på rad med permar med påskrifter som «HA XX» og «HA IX». Dette er namn på avdelingar innanfor Stasi. Alt er kopiar frå arkivet.

**Eg vil tru at det vil ta fleire tiår før forskarane kan lage gode samanfatingar av det vi har i arkiva her.**

BERND FLORATH, forskar ved BStU



Den første Stasi-mappa historikaren Bernd Florath las, var si eiga. – Det var merkeleg å lese om seg sjølv sett med dette blikket, seier han. (Foto: Astrid Sverresdotter Dypvik)

### Oslo–Sarpsborg

DDR's tryggingsspoliti etterlét seg 111 000 hyllemeter med dokument. Om ein stilte alle dokumenta opp på rekkje, ville dei nå heile vegen frå Oslo til Sarpsborg, og litt til, ned mot Halden. I tillegg finst 1,4 millionar bilete, 31 300 lydbandopptak og 2756 filmar, i tillegg til 15 500 sekkar med makulerte dokument. Dette er dokument som Stasi sjølv prøvde å destruere etter at DDR-regimet fall. I dag arbeider forskarane framleis med å rekonstruere desse. Førebels er berre 500 sekkar sette saman. Men informasjonen frå dei 500 rekonstruerte sekkaner tyder på at det materialet som vart øydelagt, ville vore særleg interessant for ettertida. Rekonstruerte dokument avslører at DDR's tryggingsteneste var involvert i planlegginga av systematisk doping av mindreårige idrettsutøvarar. Forskarane har også rekonstruert dokument som fortel om korleis DDR's tryggingsteneste lét ettersøkte Baader–Meinhof-terroristar få eit nytt liv og ein ny identitet i DDR. Dei aller fleste dokumenta ligg lagra i kjølige kjellarrom i Berlin-bydelen Lichtenberg. Dei steingrå blokkene som husar arkivet, var tidlegare hovudsentralen til Stasi. Arkivet er organisert slik det alltid har vore. Dei same dokumenta ligg i dei same hyllene og følgjer same arkiveringsprinsipp som dei gjorde den gongen då Stasi stadig mata inn ny informasjon. Berre funksjonen er endra. Informasjonen i arkivet blir ikkje lenger brukt til å halde eit uelska regime ved makta, men til å riste ut løyndomane til regimet.

55 000 sider

**Stasi var ikkje ein stat i staten, dei var ein reiskap for kommunistpartiet.**

ILKO-SASCHA KOWALCZUK, forskar ved BStU



Songaren Wolf Biermann var ein av dei mest overvakte personane i DDR. Stasi-mappa om Biermann var på 50 000 sider. (CD-omslag: NDR)

Ingenting var for smått til å vekke Stasis interesse. Men det var nokre som var meir interessante enn andre. Den mest omfattande mappa i arkivet er på 55 000 sider og omhandlar dissidenten Robert Havemann. Havemann var fødd i 1910. Fram til han døydd i 1982, vart han rekna som DDR's statsfiende nummer éin. Før han fall i unåde, tilhørde han DDR-eliten. Han var professor i kjemi på Humboldt-universitetet, og han var krigshelt fordi han hadde vore med på å organisere kommunistisk motstand mot Hitler. I 1943 vart han arrestert av nazistane. Fram til krigen slutta, sat han i tukt-

hus i Brandenburg, og den seinare partisjefen Erich Honecker var blant medfangane hans. I 1963 gav Havemann ut boka *Dialektikk utan dogme*, der han kritiserte stalinismen og tok til orde for reformer i DDR. Kort tid etter vart han ekskludert frå partiet, samstundes som han mista professorstillinga på Humboldt. Frå då av vart Havemann den fremste inspiratoren og ideologen for regimekritikarane i DDR. Eige- domen hans i Grünheide like utanfor Berlin vart ein samlingsstad for opposisjonelle. Den folkekjære, storkjefta songaren Wolf Biermann var berre éin av dei som i periodar budde hos Havemann. Stasi følgde naturleg nok miljøet i Grünheide tett, og Biermann har sjølv ei Stasi-mappa på 50 000 sider.

### Ein reiskap for partiet

– Stasi var ikkje ein stat i staten, dei var ein reiskap for kommunistpartiet. På den måten kan ein seie at forskarane burde ha vore meir interesserte i partiet, seier historikaren Ilko-Sascha Kowalczuk.

Han er forskarkollega av Florath ved BStU og forfattar av boka *Endspiel* («Sluttspel»), som vart utgitt i 2009. Den blir rekna som sjølv standardverket om undergangen til DDR-regimet.

Kontoret hans er, nett som Floraths, fylt med hyllemeter på hyllemeter med permar. Skrivebordet hans er dekt av høge stablar med sirleg arkiverte dokument.

Noko av kritikken mot DDR-forskinga har gått ut på at forskarane har vore for interesserte i Stasi. Kowalczuk meiner innvendinga er rett viss målet er å plassere skuld og ansvar, men han vil samstundes forsvare den sterke interessa for Stasi.

– Viss ein på starten av 1990-talet hadde byrja å forske på kvardagslivet i DDR, utan å vite noko om grunnstrukturane i samfunnet, hadde ein ikkje kome vidare. Ein hadde heller ikkje klart å forstå. Når eit samfunn har hatt så mange løyndomar, og politikken blir avgjort i lukka rom, så er det naturleg at forskarane interesserer seg for dette, seier Kowalczuk.

Før muren fall, var Stasi ein slags skugge for forskarane. Ein visste at organisasjonen var sterk og mektig. Men ingen visste kven som jobba for dei, kor mange dei var, eller korleis dei var organiserte. Skritt for skritt har forskarane klart å få grep om anatomien til Stasi. I dag veit forskarane at 91 000 personar hadde Stasi som hovudarbeidsplass hausten 1989. Dei kjenner namna, avdelingane og kommandolinjene. Dei veit også at kvar 180. DDR-borger var Stasi-informant, og at DDR dermed var det tettast overvakte samfunnet i austblokken.

#### Blikket til Stasi

Det første ein historikar lærer på studiet, er



Det er forståeleg at folk er svært nysgjerrige på Stasi, meiner forskaren Ilko-Sascha Kowalczuk. (Foto: Frank Ebert)

at ein må drive kjeldekritikk. Korleis går historikarane fram når dei les Stasi-dokumenta? Korleis kan ein skilje ut kva som er sant, og kva som er tendensiøst fortolka av etterretningstesta? Informasjonen i arkivet er samla inn med eit tydeleg mål, og han er filtrert gjennom blikket til Stasi. Forskaren Bernd Florath fekk høve til å gjere ei førstehands vurdering av saka. Han hugsar godt den første gongen han heldt dokument frå Stasi-arkivet i handa. Det var i eit rom med nakne vegger og lyse, slitte linoleumsgolv. Han var i publikumslesesalen til BStU og sat med eit lite berg av papir på pulten framfor seg.

– Eg lærte mykje om korleis ein skal lese dokumenta deira, for eg hadde jo heile tida høve til å kontrollere opplysningane mot det eg veit

skjedde. Det var merkeleg å lese om seg sjølv med dette blikket, fortel han.

Grunnen til at Florath hadde ei eiga mappe hos Stasi, var at han tilhøyrdte krinsen rundt den strengt overvakte reformkommunisten Robert Havemann. Mappa gav innsyn i eit merkeleg univers. Vanlege samkomer med vener verka mystiske og konspirative når dei vart skildra av Stasi.

– Det sto at eg ofte hadde besøk av menn med slitne dongeribukser og langt hår, og at vi tydelegvis drakk mykje raudvin, fordi det alltid sto så mange tomme vinflasker i vindaugskarmen etterpå, seier Florath.

Opplysningane stemte på eit vis, men informantane såg ikkje ut til å ha fått med seg at det som regel var like mange kvinner blant gjestene. Stasi-informantane såg ut til å rekne sliten dongeri, menn med langt hår og raudvin som suspekter, men talande detaljar.

– Men det var jo på 1970-talet, og det var slik folk såg ut då, seier Florath og ristar på hovudet medan han ler.

Sjølv om han vart overvakt, unngjekk Florath både fengsel og direkte personleg forfølgning. Då han las mappa si, lo han høgt fleire gonger, særleg av at han kunne notere seg ein liten forseinka siger som oppdragar. Florath og kona innprenta dotter si alt frå tidleg alder at ho alltid måtte helse på alle ho møtte i oppgangen. Tanken var at sjølv om familien var opposisjonelle, skulle ingen kunne seie om dei at dei var frekke.

I trappeoppgangen budde ein informant som fortalde alt det ho klarte å finne ut om Florath og familien hans til Stasi. I ein av rapportane sto det: «Barnet er svært høfleg. Ho helsar alltid på alle i oppgangen.»

#### Kjelder:

Klaus Schroeder: Die DDR. Geschichte und Strukturen

Stefan Wölle: Die heile Welt der Diktatur

Hubertus Knabe: Die Täter sind unter uns. Über das Schönreden der SED-Diktatur

Henrik Bisping, Dierk Hoffmann, Michael Schwartz, Peter Skyba, Matthias Uhl og Hermann Wentker: Die Zukunft der DDR-Geschichte.

Potentiale und Probleme zeithistorischer Forschung, trykt i Vierteljahrshefte für Zeitgeschichte: Vol. 53, utgåve 4, side 547–570.



Kulestøytaren Ilona Slupianek er blant DDRs mange dopa medaljevinnarar. Stasi hadde hemmelege program for å dope landets idrettsutøvarar. (Foto: Scanpix)

### BStU – arkivet etter Stasi

- Forkortinga står for der Bundesbeauftragte für die Unterlagen des Staatssicherheitsdienstes der ehemaligen Deutschen Demokratischen Republik.
- Roland Jahn er sjef for BStU.
- BStU har eit årsbudsjett på 100 millionar euro.
- Arkivet vart oppretta i 1990 og har ei eiga arkivlov som gir politisk forfølgde rett til innsyn i si eiga Stasi-mappe.

## 20 NØTTER

1. Kven blir ofte berre referert til som «DSK» i fransk presse?
2. Kva kallar både vi og svenskane det metalliske grunnstoffet som på fransk og engelsk har det svensklingande namnet tungsten?
3. Kva slags verksemd driv selskapa Moody's og Standard & Poor's?
4. Kva heiter den nye staten som vart oppretta 9. juli i år?
5. Kven måla biletet Jente med perleøyredobb, datert til cirka 1665?
6. Kva heitte den skotsk-amerikanske stålmagnaten som stifta eit fond for å løne heltegjerningar i det sivile liv?
7. Kva heitte dei to norske lækjarane som rapporterte frå Gaza-krigen i årsskiftet 2008/09?
8. H5N1-viruset skapte frykt i Noreg vinteren 2006. Kva for sjukdom spreidde det?
9. Grete Waitz vart den andre idrettsutøveren som fekk gravferda dekt av staten. Kven var (i 1998) den første?
10. Kva for tre stjerne-teikn blir rekna til elementet vatn?
11. Kva kallar ein til vanleg dei som høyrer til Jesu Kristi Kyrkje av Siste Dagens Heilage?
12. I kva for tysk by miste 21 menneske livet i trengsla under Love Parade i juli 2010?
13. Noreg har fått sitt 22.7. Men kva for terroråtak viser datoen/omgrepet «7/7» til?
14. Kven fekk hjelp av Passepartout til å reise verda rundt på åtti dagar?
15. Er den samla statsgjelda til USA på om lag 7000, 77 000 eller 777 000 milliardar kroner?
16. Kva for norsk jazztrompetist og -komponist solodebuterte med albumet Khmer i 1997?
17. Kva for bilprodusent står bak modellen Yeti?
18. Kva for land grensar Noreg til i Finnmark?
19. Kva heitte Abrahams førstefødde son, som han fekk med slavekvinna Hagar?
20. Kor gammal er Jens Stoltenberg?



Kva heitte denne stålmagnaten?

1. Dominique Strauss-Kahn
2. Wolfram
3. Finansanalytisk rating og kredittvurdering
4. Sør-Sudan
5. Johannes Vermeer
6. Andrew Carnegie
7. Mads Gilbert og Erik Fosse
8. Fugleinfluensa
9. Birger Ruud
10. Krepser, Skorpionen og Fiskane (medan Vassmannen er eit luft-teikn)
11. Mormonar
12. Duisburg
13. Bombene i London 7. juli 2005
14. Philips Fogg
15. 77 000
16. Nils Petter Molvær
17. Skoda
18. Russland og Finland
19. Ismael
20. 52 år

## 10 KJAPPE



ASGEIR RØYRRHUS OLSETH  
Medlem nummer 40112856 i  
Forskerforbundet  
STILLING: forskningskonsulent  
ved Atferdssenteret  
UTDANNING: bachelor i sosialan-  
tropologi fra Universitetet i Ber-  
gen. Tar master i utdannings-  
vitenskapelig metodologi ved  
siden av jobben. Første stilling  
etter endt utdanning: assistent  
ved Sagene skolefritidsordning  
i Oslo  
KARRIEREMÅL: bli forsker

### – Styrk intervensjonsforskningen!

– Hva jobber du med akkurat nå?

– Den praktiske gjennomføringen av en skolestudie, der vi følger 63 norske barneskoler gjennom fem år. Vi ser på atferdsproblemer og på effektene av tiltak. Min jobb er å legge til rette for at skolene følger opp studiene.

– Hvor tenker du best?

– Når jeg er ute og fisker i elva.

– Hva er den viktigste boken i ditt faglige liv?

– *Formations of Violence* av Allen Feldman, som handler om voldens rom i Nord-Irland. Boka gjorde at jeg for alvor innså verdien av å analysere et fenomen fra forskjellige vinkler.

– Hva er tabu i ditt fag?

– Innenfor pedagogikk virker det som om det er en ganske sterk motstand mot måling og screening, et spørsmål det er mye mening og lite kunnskap om.

– Hva skal til for å bli en god forskningskonsulent?

– Man må være fleksibel, interessert i systematik og ha serviceinnstilling. Respondentene sier ofte nei, men det kan ikke vi på vår side gjøre.

– Hvem er den beste læreren du har hatt?

– Jeg hadde Bjørn Holgernes som foreleser da jeg tok filosofi grunnfag, og han var helt rå. Han skuespilte seg fra de gamle grekerne og framover i filosofihistorien.

– Dersom du måtte velge deg et annet fagfelt, hva ville du falt ned på?

– Noe utendørs, for eksempel naturforvaltning.

– Om du var forsknings- og høyere-utdannings-minister, hvilket enkelttiltak ville ha vært viktigst for deg å få gjennomført?

– Jeg ville styrket tiltaks- og intervensjonsforskningen. Det er en forskning som en del ser litt ned på, men det er nyttig å teste om tiltak som settes i gang, fungerer.

– Hvor var du EU-avstemningskvelden 1994?

– Jeg tror jeg var hjemme og så på tv. Jeg var for ung til å stemme, men stod vel for «tja til EU».

– Hva vil du lese mer av i Forskerforum?

– Nyheter er vel det jeg først og fremst leser, men også gjerne mer om ulike forskningsprosjekter.

AV SIRI LINDSTAD



# Fridomen til å skjere ned

«Til sølu eller leig!» Plansjane på dei tome – og påkosta – forretningsbygga i utkanten av Reykjavik er dei fyrste teikna på den økonomiske krise. Slik er det iallfall for ein nordmann på veg til den årlege samlinga mellom Forskerforbundet og dei nordiske systerorganisasjonane. På nordisk møte samanliknar ein løn, pensjon, tilsettingsforhold og sosiale rettar i dei ulike landa. Ein presenterer dei viktigaste sakene og kampane. Kva kan ein lære eller tilføre av dei andre? Vertskapsansvaret går på omgang, og i juni 2011 står Island for tur.

Den økonomiske krisa på Island er uunngåeleg som eit stort samtaleemne. Dei universitets- og høgskuletilsette har måtta tole sin del av nedskjeringar. Eitt av utslaga er at vitenskapleg tilsette frå i sommar må undervise meir og administrere mindre. Undervisningsplikta har auka frå 48 til 54 prosent av arbeidstida. Vil dei vitenskapleg tilsette klare å halde administrasjonstida nede på 6 prosent? Arbeidsvilkåra for forskarar i Norden har mange fellestrekk – og eitt av dei slåande er avstanden mellom formell og reell arbeidstid. Jamt over er den betalte arbeidstida på 37,5 til 40 timar, medan tilsette i praksis arbeider om lag 45 til 50 timar, oppgjev fagforeiningane.

Mange tendensar innanfor forskning og høgare utdanning gjer seg gjeldande i heile Norden, men kan nå ulike land til ulike tider. Forskerforbundet har tradisjonelt samarbeidd mest med kollegaene i Sverige – Svensk Universitetslærerforbund (SULF). Dei siste åra er mange lærdomar og åtvaringar henta frå Danmark, som om mogeleg har vore endå meir prega enn Noreg av New Public Management og næringslivstenking i forskingspolitikken. Eit døme frå tidleg 2000-tal viser kva det nordiske samarbeidet har hatt å seie politisk. Styringsstrukturen vart endra ved universiteta i Danmark: Styra skulle ha eksterne styrefleirtal. Dette hende så fort og sterkt i nabolandet at den førande fagforeininga i sektoren – Dansk Magisterforening – knapt rakk å mobilisere. Men dei rakk å varsle nordiske naboar, og då Kristin Clemet kom med eit liknande framlegg i Noreg – gjennom den nye universi-

tets- og høgskulelova – vart det stoppa.

Ein runde med rapportar frå dei ulike landa oppsummerer stoda sett frå fagforeiningane.

Danskane rapporterer om top-down-styring ved institusjonane og om kvantitet framfor kvalitet. Dei fortel om noko dei spøkefullt omtalar som «omvend tenure track» tilsette som mistar fast stilling, og går over til tidsavgrensa tilsetting.

Finnane fortel om «autonomireforma», som vart gjennomført i fjor. 14 universitet vart fristilte frå staten, og gjekk over til å verte «sjølvstendige offentlege institusjonar». No har vi autonomi til å skjere ned sjølve, kommenterer ein av finnane lakonisk. Universitetsstyra skal ha ein ekstern representasjon på minst 40 prosent, og styreleiar skal vere ekstern. Fagforeiningane til dei tilsette er misnøgde med reforma og meiner at demokratiet er svekka. Til dømes kan rektorane no peike ut egne dekanar i staden for at dei vert valde.

Svenskane legg vekt på temaet arbeidstid. Det er undervisinga om vert tald, ikkje forskinga – men det er forskinga som kvalifiserer og meritterer. Dette vart omtala som eit «djevlelens grep» frå arbeidsgjevar. Sverige har elles innført studieavgifter for studentar som ikkje kjem frå EU. Dette har ført til nedgang av studentar frå andre område. Ikkje minst fortel

svenskane om den nye universitetslova frå i år, som er inspirert av den finske autonomireforma. No er det opp til kvar enkelt institusjon om ein vil ha kollegiale organ å la instituttråd.

Den nordiske likskapen eller smitten

vert tydeleg i tre saker eg vil framheve: Den nemnde arbeidstida, med totaltid som svulmar og forskningstid som krympar, omstillingar og samanslåingar med tilhøyrande demokratispørsmål, og til slutt: innstegstilling/tenure track. Når det gjeld omstillingar og straumli-

neforming har Danmark ført an. I 2006–2007 gjennomførte landet ei fusjonsreform der 28 forskings- og utdanningsinstitusjonar vart slått saman til 11. I Noreg

føreslo Stjernø-utvalet i 2008 stor grad av samanslåing mellom universitet og høgskular. Den politiske konklusjonen vart at det ikkje skal skje med tvang, men institusjonane slår seg saman, eller sonderer samanslåingar i stort monn. Stjernø har

øgd fått gjennomslag i politikken kalla SAK – ei honorering av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. I Finland er politikken og tala meir handfaste: I 2020 skal talet på 43 institusjonar vere redusert til 33, seier det finske Undervisnings- og kulturministeriet.

Debatten om ein bør innføre såkalla tenure track – innstegstillingar som let forskarar kvalifisere seg til professor- eller fyrsteamanuensisstilling – er òg ein fellesnemnar. I Noreg har nettopp det mellombelse ved stillingstypen vore eit hovudargument mot – all den tid omfanget mellombels tilsettingar i sektoren er for stort frå før. Den gjeldande forskingsmeldinga går mot stillingstypen, men krefter i forskingsmiljøa i Noreg ynskjer han. Styret i Forskerforbundet har vedteke at ei rekkje føresetnader må vere på plass før ein kan godta innstegstillingar. I både Finland og Sverige diskuterer ein innstegstilling no, og i Sverige er lærestadene usamde om ein bør innføre det.

Nokre påminningar frå Norden kan vi ta med oss til det nye forskingspolitiske semesteret heime. Mellombelstematikken vil framleis vere viktig i norsk akademisk. Rindal-utvalet kom i vinter med ei rekkje framlegg til tiltak for å redusere problemet. Kva vil departementet gjere med dette? Og om vel ein måned kjem framlegget til statsbudsjett – der faren for eit krympande forskingsfond vert eit viktig emne (sjå sak på side 4). Vonleg legg det opp til ein fridom som vert romslegare enn fridomen til å skjere ned.

## Dei siste åra er mange lærdomar og åtvaringar henta frå Danmark



Redaktør  
Kjetil A. Brottveit

– No har vi autonomi til å skjere ned sjølve, kommenterer ein av finnane

### LEDER KRONIKK DEBATT BØKER

Send kronikkforslag til [kjetil.brottveit@forskerforum.no](mailto:kjetil.brottveit@forskerforum.no). Kronikkens lengde må ikke overstige 10 000 tegn, inkludert mellomrom. Bidrag som trykkes honoreres med kr. 2.000,-. Innlegg må være maksimum 2000 tegn. De blir ikke honorert.

# Å skrive krever mer enn påbud

Nye studenter frykter at de ikke behersker den akademiske skrivekoden. Lærernes vektlegging av formelle krav til skrijving kan gå ut over tanken og kunnskapstilnelsen, advarer kronikkforfatterne.

«Å skrive er å tenke. [...] Man skriver ikke tankene sine ned eller ut. Alle som har erfaring med å skrive, vet at det er ikke slik det går til. Tankene oppstår underveis, av selve anstrengelsen med å formulere seg. [...] Alt jeg vil fram til er dette, at setningens form er et tankeredskap», sier Anders Johansen (2003:36). Vi spør om ikke studienes krav til skrijving kan føre til det motsatte, og faktisk hemme tanken.

Studieåret 2010/2011 fulgte vi 44 tilfeldig valgte høgskolestudenter, fra fire ulike studieprogram, gjennom deres første studieår. Hva tenker de om seg selv som skrivere, hva er god veiledning for dem, og ikke minst, hva mener de at de lærer ved å arbeide skriftlig med det faget de studerer? Det er stor variasjon mellom

studiene, både når det gjelder antall innleveringer, tilbud om veiledning og krav til arbeidet. Likevel er studentenes skrivehistorier overraskende like.

Evalueringen av kvalitetsreformen viser at dagens studenter skriver mer og får flere skriftlige tilbakemeldinger på sine arbeider enn tidligere.

(Aamodt, Hovdhaugen & Opheim, 2006). Ifølge NOU (2008:3) bidrar dette til at studentene får økt kunnskap om hvor de står rent faglig. Så langt synes alt såre vel, men er det virkelig slik? Våre funn viser at dette er en sannhet med modifikasjoner.

Om skriftlige oppgaver skal bidra til faglig læring og forståelse for egen læringsprosess, er veiledning viktig, for noen til og med av avgjørende betydning. Veiledningen må treffe studentene og bidra til at de videreutvikler sin skrivekompetanse. Studentene har relevant kunnskap med seg fra videregående skole, men trenger å erfare at de faktisk kan bygge videre på egne erfaringer med og kunnskap om fagskriving. I tillegg har de behov for kunnskap

om og forståelse av de skrivetradisjonene som hvert enkelt studium og hver enkel profesjon krever og ser som ønskelige å videreføre. Det er altså ikke likegyldig hvordan veiledning og tilbakemelding gis. Studentene må vite hvor de skal, hva som forventes. Dette forutsetter at veiledningen sikrer forståelse og finner gjenklang i erfaringer og kunnskap hos den enkelte. Institusjonen må med andre ord bli kjent med studentene, bli kjent med deres forutsetninger og tilpasse seg studentenes mangfold. Bare gjennom dette kan studentene få optimale forutsetninger for å lykkes i sitt læringsarbeid.

Studentene møter skriftlige krav nærmest umiddelbart etter studiestart, og lenge før de har noen egentlig forståelse av hva faget og studiet innebærer. I første samtale, en måned etter studiestart, ser vi hvordan studentene strever med de formelle kravene som stilles. Tenkte vanskeligheter rundt skriftlig arbeid fortrenger spenningen ved å møte et nytt og ukjent fag, og oppgavens faglige innhold blir av underordnet betydning. Det er en utbredt oppfatning at de «får ikke bestemte innholdet, men må følge reglene og formen». Skrivearbeidet blir oppfattet som problematisk, med absolutte krav som for noen skaper nærmest uoverstigelige barrierer. Uttrykk som «må følge påbud», «må være riktig» og «må lære meg et annet språk, det akademiske» går igjen i skrivehistoriene til samtlige informanter. Det er påfallende hvor engstelige mange av studentene er allerede før den første oppgaven er skrevet: «Vi er jo mer redd for å gjøre feil da, når vi skjønner hvor alvorlig det er», og «En kan bli tatt for juks.» Studenter har fra fagveileder fanget opp en rekke påbud og forbud når det gjelder skriftlige arbeider.

Skrivehistoriene viser at svært få studenter har utbytte av veiledningen, og mange hevder at tilbakemeldinger som fremmer læring, er en

mangelvare. Veiledningen er for generell, for lite personlig, spesielt den som gis gruppevis. Flere studenter forteller at de har sammenliknet ulike tilbakemeldinger. De har lagt merke til at de får de samme overflatiske kommentarene. De forteller at fagveileder «bare forandrer på noen ord», og mistenker at vedkommende ikke har tatt veiledningsarbeidet på alvor. I ett tilfelle hadde alle studentene som hadde fått «bestått» på en obligatorisk, individuell innlevering, fått eksakt samme kommentar. Tilbakemeldingen var tilsynelatende personlig utformet, noe som ble forsterket ved at den var skrevet for hånd. Studentene var forundret og følte seg lite respektert.

Typiske tilbakemeldinger er at oppgaven er «veldig bra» og «du er på rett spor». For studentene betyr dette at de har med innholdsfortegnelse, og at de skriver om «de rette tingene». En student som har fått individuell tilbakemelding, forteller: «Sånn skrivemessig så syntes hun [fagveileder] at jeg var veldig flink», og «Jeg har jo fått spesielt god tilbakemelding på den oppgaven hvor det er drøfting.» Studentene visste imidlertid ikke hva som gjorde oppgaven god, og kunne heller ikke vise til hva som var drøfting i teksten.

Studentene er usikre og famlende hele første semester og synes de får liten støtte fra utdanningen. De forteller at de får lite veiledning på innholdet. «En må gamble på hva fagveileder mener er viktig å ta med.» Mange uttrykker frustrasjon fordi de ikke får tilbakemeldinger som forteller hvilket nivå besvarelsen ligger på. Noen vet at det er «bra», men ikke hvor bra, hva som er bra, eller hvorfor. Flere av informantene etterspør konkret tekstveiledning, eksempler på hvordan teksten kan bli bedre, og hva faglig argumentasjon egentlig er. Slike kommentarer er gjennomgående, enten studentene oppfatter



Av Marit Greek og Kari Mari Jonsmoen, førstelektorer ved Pedagogisk utviklingssenter, Høgskolen i Oslo

«Skrivehistoriene viser at svært få studenter har utbytte av veiledningen»



seg som svake eller sterke skrivere.

Ett studieprogram utpeker seg imidlertid med færre obligatoriske oppgaver og når det gjelder fokus for veiledningen. Her synes de fleste av informantene at de har fått tid til å lære og tid til å skrive. Dette har ført til trygghet i skrivearbeidet. De forteller om et nært forhold til sin fagveileder, og er fornøyd med veiledningen. Et typisk utsagn er: «[Jeg har] fått veiledning om det oppgavetekniske, om oppgaven og om problemstillingen. Vekta mest innhold – hva vil du skrive om og hva er mest inspirerende. Litt om det å formulere setningene. Bare å komme tilbake [til fagveileder] – kjempebra. Oppgaven var en øvelse i det å skrive.»

Krav til skriftlige oppgaver varierer med hensyn til både antall og omfang. Likevel har alle informantene fått mye skrivetrening i løpet av sitt første studieår. På slutten av første studieår er de blitt sikrere i skrivearbeidet og har fått en viss forståelse av hva som kreves av en fagtekst. Skrivningen oppfattes ikke lenger som like skremmende og vanskelig. Likevel er det svært få som kan fortelle hva som gjør en fagtekst god, og samtlige informanter savner fortsatt kunnskap om hvor de står rent faglig. Det faglige innholdet har fått en sentral plass hos de fleste, men bare et fåtall studenter mener at skrivearbeidet har bidratt til faglig forståelse og faglig dybde. Likeledes forteller informantene bare unntaksvis at veileder har hatt betydning for dem i læreprosessen. De fleste sier at de har forstått «på tross av veileder» og på grunn av

## «Det er påfallende hvor engstelige mange av studentene er allerede før den første oppgaven er skrevet»

«mengdetrening». Skriftlige oppgaver framstår ved slutten av første studieår fortsatt som en separat øvelse, noe som verken har sammenheng med fagtilegnelse eller en framtidig profesjonsutøvelse.

Studentene med studiekompetanse skal i prinsippet ha et godt utgangspunkt for faglig skrivning. Det ser imidlertid ikke ut til at fagveiledere i profesjonsutdanningene har kunnskap om studentenes forberedthet. Funnene viser at den veiledningen informantene får, i liten grad bygger bro mellom tidligere kunnskap og nye krav. Et annet sentralt spørsmål er om fagveilederen selv er forberedt på de økte kravene til skriftlig produksjon i høyere utdanning og har tilstrekkelig tekstbevissthet og kunnskap om fagtekster. Fravær av denne kunnskapen i høgskolen kan forklare informantenes opplevelse av mangelfull og lite konkret veiledning.

Arbeidet med skrivning og skriveferdigheter i profesjonsutdanningen reiser en rekke spørsmål. Ikke minst er det viktig å finne svar på hva skrivekompetanse er i denne sammenhengen, og hvilken skrivekompetanse som kreves for

å utvikle faglig forståelse og bli en kompetent profesjonsutøver: Hvilke kunnskaper og ferdigheter er nødvendige for å lære og for å dokumentere fagkunnskaper gjennom skriftlige oppgaver? Hva kreves av norskspråklige og kommunikative ferdigheter i fagtekster? Hvilken sjangerforståelse må være på plass? Vi må også spørre hvilken kompetanse som kreves av fagveilederen for at studentene skal innfri de forventninger og krav utdanningen stiller.

### Referanser

NOU 2008:3 (2008). Sett under ett. Ny struktur i høyere utdanning. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

St.meld. nr. 27 (2001): Gjør din plikt – krev din rett. Kvalitetsreform av høyere utdanning. St.meld. nr. 27. Oslo: Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

Aamodt, P.O., Hovdhaugen, E., og Opheim, V. (2006): Den nye studiehverdagen. Delrapport 1 fra Evalueringen av kvalitetsreformen. Oslo: Norges forskningsråd/Nifu Step/Rokkansenteret.

ANNONSE:

## Støtte til forskning og utdanning med tilknytning til norsk luftfart

Ludv. G. Braathens fond for fremme av norsk luftfart utlyser midler til forskning og utdanning som har tilknytning til eller er av betydning for norsk luftfart. Søknadsfristen er 15. oktober 2011. Se [www.braathenfondet.no/wp/](http://www.braathenfondet.no/wp/) for nærmere informasjon.

# På parti med fortida

Konservatismens økonomiske og sosiale verknader er utematisert.

Er konservatismen den einaste gjenlevande ideologien i vårt land? Den sosialliberale tradisjonen er i dag marginal i det marginale Venstre, det sosialdemokratiske Arbeidarpartiet verkar å vere redusert til ein forhandlingsarena mellom statseliten og profesjonelle fagforeningsfolk, og i SV vart sosialismen avskaffa av Erik Solheim for over tjue år sidan. Vi har heller aldri hatt nokon markant libertariansk tradisjon utover einskildtillaup som Anders Langes Parti og diskusjonsklubar blant yngre menn frå Oslos vestkant.

For ein politisk utanforståande synes det som om norsk konservatisme, slik han vert boren fram av dei mindre udanna delane av Høgre, er blant dei få livskraftige kjeldene til prinsipiell politisk tenking og prinsipielt forankra politikarar i landet vårt – i det minste når det gjeld grensene for staten som regulerings- og overvåkingsinstans.

Tanken slår meg idet eg opnar boka *Konservatisme*, redigert av Torbjørn Røe Isaksen og Henrik Syse. Dei har også skrive innleiingskapitlet, som målber det beste i den danna norske konservatismen: lærd, vidsynt og velformulert. Lærd i skildringa av grunnantakingar i konservatismen: eit realistisk syn på den avgrensa dømekrafta til einskildmennesket, mistru til idear om perfekte institusjonelle designar og tillit til dei institusjonar som har tålt tidas tann, trua på samfunnet som eit forpliktande fellesskap. Og i skildringa av spenningar innan konservatismen: som mellom liberal og autoritær tenking, mellom elitisme og populisme og mellom marknadsliberalistar og dei som er urolege for at økonomisk nyttetenking skal fortrenge normative fellesskap.

Dei skriv vidsynt og med eit anerkjennande nikk til liberalismen og sosialismen og den rolla desse ideologiane har spela for å fremje rettferd og fridom, og plasserer konservatismen som ein ikkje-politisk politisk filosofi som hegnar om dei institusjonane som gjer samfunnet trygt og fø-

reseieleg. Og dei skriv velformulert og tydeleg, men likevel forsiktig, med ein retorikk som liknar Aristoteles når han i sin kritikk av Platon skriv: «Det er mange problemar forbundet med forslaget om at kvinnene skal vere felles for alle.»



Torbjørn Røe Isaksen  
og Henrik Syse (red.)

*Konservatisme*  
Universitetsforlaget, 2011  
392 sider  
Rettl. pris: kr 349

Nettopp Aristoteles er den første av 21 bidragsytarar i boka. Ein av dei, C.J. Hambro, er norsk, dei andre tjue er intellektuelle og politikarar som skal spegle breidda i den vestlege konservative tradisjonen. Kvar bidragsytar er presentert gjennom ein kort biografi og ein utvald tekst i norsk språkdrakt. Slik kan boka verke som ein introduksjon til nye intellektuelle univers som ein var ukjend med og fattar interesse for. For meg gjaldt det serleg Eric Voegelin og Michael Oakeshott, for andre kan det vere Alasdair MacIntyre eller Francis Fukuyama – for å nemne to av dei mest interessante frå vår tid.

Som valet av Aristoteles og MacIntyre, men også Alexis de Tocqueville, Friedrich August von Hayek og andre, illustrerer, er ikkje dette ein antologi med sjølvklærte konservative tenkarar, men med tenkarar som kastar lys over det redaktørane oppfatar som sentrale konservative problemstillingar. Det er ein retro-

spektiv og inkluderande konservatisme, ikkje minst i dialog med liberalismen, vi møter her. Men vi møter også konservatismen i si mest autoritære og reaksjonære form (Joseph de Maistre) og som overspent sentimentalitet, der eit høgdepunkt er Edmund Burkes skildring av dronninga av Frankrike («aldri har noe vakrere syn lyst opp på denne jord, som hun knapt nok så ut til å berøre») i *Betraktninger over revolusjonen i Frankrike*.

Boka viser oss avstanden mellom konservatismen av T.S. Eliot sin type og den radikale marknadsliberalismen til Hayek og Margaret Thatcher, men også sambandet mellom dei: Dei er knytte saman ved ideen om kapitalismen som ein institusjon prega av gjensidige pliktar mellom klassane. Desse 1900-talstekstane – og de Maistres og Burkes tekstlege reaksjonar på den franske revolusjonen – viser også veikskapen til antologien: Det samfunnet teksten er skrive i, og dei makttilhøva som rår der, og måten teksten fungerer i forhold til desse maktforholda, er utematisert. Slik blir også konservatismens sosiale og økonomiske grunnlag og verknadskraft langt på veg utematisert.

Bidraga frå Benjamin Disraeli og Konrad Adenauer viser i større grad konservatismen som konkret politisk praksis i ulike land, med sine nasjonale særdrag og i tider med sine særlege utfordringar. Med redaktørane sine ord: «... deres ideologi er nasjonens historie og egenart.» Denne formuleringa kan også vere ein nøkkel til å forstå styrken og eigenarten til den norske liberalkonservative tradisjonen – og måten to av våre fremste representantar for denne tradisjonen har redigert denne antologien. Denne konservatismen hentar nok sin inspirasjon frå den ideologiske kanon som her blir presentert i ein velredigert antologi, men også frå det samfunnet og dei konfliktane han har inngått i. Styrken hans er motstandarane han har hatt.

AV ODDGEIR OSLAND

## Tankar til ingen nytte

Simen Andersen Øyen,  
Ingrid Birce Müftüoğlu  
og Finn I. Birkeland (red.)  
*Humanioras fremtid. Kampen om forståelsen av menneske og samfunn*  
Cappelen Damm Akademisk, 2011  
250 sider  
Rettl. pris: kr 298

Grunntonen i boka er dystre og velkjent. Humaniora er i krise. Universitetet har vorte ei «kunnskapsbedrift» driven med new public management. Studentane har vorte kundar, publisering vert målt kvantitativt, forskinga må skje i store grupper som liknar på eit firma, og sal av forskingsresultat har vorte ein dyd.



Alle universitetsfaga går gjennom same endringsprosesser, men humaniora vert ramma spesielt fordi han nærast av natur er unyttig og difor er spesielt lite konkurransedyktig.

Introduksjonen slår likevel ein optimistisk tone. Redaktørane er unge og svoltne, og vil belysa fortolkingsfagas «positive program». I staden for å vera eit manifest for korleis humanistar kan fremja faget sitt i kampen om midlar og offentleg merksemd, så handlar *Humanioras fremtid* mest om humanioras fortid.

Gry Brandser gjer ein skarpsindig historisk analyse av tydinga av bokstaven H i det tyske alfabetet på slutten av 1700-talet. Kyrre Kvern-dokk skriv om «mediedekninga» av jordkjelvet i Lisboa i 1755, og Nils Gilje skriv om den store satsinga på tysk åndsvitskap under naziregimet. Slike tekstar har humanistar alltid vore gode til å skriva, og slik sett er boka veldig god.

Men som vanleg når humanistar skriv, så er det mest kritikk. Boka framstår som eit negativt program fullt av åtvaringar om kva humanistar ikkje må gjera. Den beste kritikken kjem frå Nils Gilje. Han viser korleis det kan oppstå «epistemisk drift» når dei interne krava i vitenskapen vert undergravne, til dømes av politiske trender. Gilje brukar Arne Næss' omfattande omtale av Mao Zedong i *Filosofiens historie* (1980) som eksempel. Medan Immanuel Kant berre får 9 sider, får Mao heile 31 sider. Næss driv med «ukritisk gjengivelse av propaganda fra den kinesiske kulturrevolusjonen», og utviser ein «utrolig politisk naivi-

teb», skriv Gilje. Eg tilrår alle som tok ex.phil. på tidleg 80-tal, å tenkja over kva slags epistemisk drift dei var offer for.

Utover det historiske og kritiske programmet er ikkje boka særleg løysingsorientert. Eller kanskje kan ein seia at Pål Veiden har det beste løysingsforslaget. «Humanister kan med stor styrke vektlegge den unyttige skjønnhet og den gode innsikt, som ikkje har forbindelse til organisasjon og orden, bare til den enkeltes moral.» Dette idealet er vanskeleg å gjennomføra, men verdt å streva etter.

I sum er *Humanioras framtid* eit symptom på det problemet ho vil løysa. Skribentane går kvar sin veg innover i historia og tekstane, og kvar ein overordna tanke forsvinn. Dersom dei skal få større makt, må humanistane definera kva som er nyttig for menneska i framtida, og søka koordinert definisjonsmakt over den nytten dei kjem fram til. Då måtte normverket vera langt meir gjennomtenkt og formulert enn i notidas nytteorientering, og forslaga til framtidig praksis måtte vera konkrete nok til at samfunnsvitarar og teknologar kunne jobba vidare med dei. Ikkje minst måtte det vera ei viss einighet om målet.

Forget about it.

AV LARS NYRE

## Gi bud!

Martin Eide

*Hva er journalistikk*

Universitetsforlaget, 2011

151 sider

Veil. pris: kr 179

Universitetsforlagets «Hva er»-bøker lover *begynneren stimulerende møter med ukjente tema og den viderekomme nye perspektiver*. Bok nummer førti i serien, *Hva er journalistikk*, holder lovnaden.



For meg endte den i et spørsmål som kanskje er like naivt som begynnerens, men som for den viderekomme blir påtrengende. Spørsmålet handler om hva som defineres innenfor og hva som defineres utenfor journalistikken – og hvilke følger det får for hvem vi stiller krav til.

Eides forståelse av journalistikk er at den både er en *institusjon* og en *virksomhet*. Gjennom disse begrepene kan alt fra journalistikkens historie og innhold til aktører og samfunnsbetydning integreres, noe medieprofessoren fra Bergen tydelig demonstrerer. I det første kapittelet, som er en engasjerende parademarsj gjennom både betente og vesentlige

problemstillinger knyttet til journalistikk, griper Eide journalistikkens vesen ved å besvare de velkjente *hva, hvorfor, når, hvordan, hvor, hvem og med hvilke følger*. Svarene hans handler blant annet om form, presseetikk, sjangre, profesjonalisering, rammevilkår, makt, kilder, kommersialisering og eierskap. Det neste kapittelet går mer historisk til verks. I en anekdotisk form som gjør inspirerende og befriende uforutsigbare punktnedslag i pressehistorien, presenteres vi både for elementær pressehistorie og mer krevende perspektiver. Kapittel tre er også historisk fundert, men konsentrerer seg i større grad om reportasjen og reporteren. Også her gjør Eide et elegant pedagogisk sjakktrekk ved å velge ut de mest spenstige eksemplene fra sjangerhistorien, som han i neste omgang relaterer til journalistikkens institusjonelle betydning for demokratiet. Den samme nerven finnes i de neste kapitlene, som omhandler endringer i forholdet mellom journalist og publikum – og ikke minst den stadig mer kompliserte sammenblanding av disse rollene – og endringer i kommunikasjon fra et massivt *vi* til et personlig *du*.

Det hele kulminerer i ti bud for en *oppegående journalistikk*. Riktig-

